

# LIV I VINJE

*Bygdebrev nr 9*

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS 2014



## NESTE ÅR, 2015 MED LIVIVINJE


Me har jo hatt ein del år med Livivinje -aktivitetar no. Prosjekttida er jo over og mykje er for lengst overført til drift. 2014 har vore eit godt normalår reint organisasjonsmessig. Me har gjennomført mange av aktivitetane våre som før eller med små nye vriar. I tillegg til det Livivinje arrangerer skjer det sjølvsagt mykje anna bra som er med på å gjere det godt å bu i Vinje. Det er mange som bidreg på ulike vis, men me kan ikkje ramse opp alt her –av frykt for å gløyme noko eller å gje meir eller mindre merksemd til noko eller nokon. Det er heilskapen som tel! Me i styret for Livivinje må berre fortelje om det me er ansvarlege for.

Her kjem ei kjapp oppsummering av kva som etter planen skal gå føre seg på tampen av dette året og i året som kjem. Nye paafonn kan kome til, medan noko kanskje må på vent for ei stund. Det viktigaste er at me som bur her skal ha det kjekt saman og bidra på kvart vårt vis. Har du tips og idear så skal styret hjelpe til, men me kan sjølvsagt ikkje drive alt.

### AVSLUTNINGA AV 2014 BLIR

Joletefest på Vinjar 27.12. kl 16.30-18.30 med medbrakt småbakst og drikke. Nisseposar til ungane. Meir informasjon kjem opp på buine og på heimesida og Facebook. Nyårseftan blir det i år som i fjor felles

vardetenning i Veggstjøddlie på ski med gløgg og faklar. Svarvardar frå alle kantar i bygde slik som Vesaas førre året kan bli vakkert og minnerikt. Kanskje får me fyr på Jonsokbålet ved U-en også? Info på heimeside og Facebook.



# AKTIVITETSKALENDAR MED LIVIVINJE 2015

Måndagsmiddag startar me opp att 05.01.15 etter vanleg mal.

Årsmøtet blir måndag 26.01.15 kl 17.15 etter middagen. Val og vanlege årsmøtesaker. Informasjon om songtevling.

Folkemøte om kommunereform på Vinjar rett etter måndagsmiddag 09.02.15.

Livivinje arrangør i lag med administrasjonen i Vinje kommune. (Datoen er usikker!)

Paafonndagen blir palmesundag 29.03.15. Tradisjonelt opplegg med kostymerenn, hopprenn og grende-cup. Truleg utdeling av Paafonnprisen 2014. Frist for innmelding av kandidatar er onsdag 04.03.15. Avslutning blir nok etterpåski på Mjonøy.

Idé-dugnad for Vinje litteratursenter 10.04.15 på Vinjar kl 18. Nynorsk kultursenter i samarbeid med Livivinje står som arrangør. Meir info seinare.

17.mai-feiring på Vinjar med frokost og opplegg som i 2014. Sjå heimesida

Jonsok-feiring med fellestelt på U-en ved Vinjevattn. Tradisjonelt opplegg med grill, bål og leikar.

Finale for ny songtevling. Me ynskjer meir musikk og eit større repertoar.

Informasjon og utlysing kjem på årsmøtet.

Hausten er som ofte litt rolegare med tanke på fellesarrangement, men me har planar om fotokurs, dugnadar og haustmarknad. Men så må me jo ha litt tid til jakt, sanking og anna fangst også. Kanskje kjem det i gang noko revy-arbeid eller andre kulturaktivitetar. Kom på banen og spel inn det du trur kan bli bra for folk. Det du har lyst til er det heilt sikkert andre som kan ha glede av. Ta kontakt med styret. Hugs styremøte fyrste onsdag kvar månad kl 19.30 på Vinjar for innspel.



# LIV I SMØRKLLEPP GRENDELAGE

Då butikken i Smørklepp blei nedlagd for fleire år sidan, miste me ein viktig møteplass i bygda. Korleis kunne me no treffast? Laurdagskafeen ein gong i månaden i grendehuset har blitt ein ny møteplass! Her drikk me kaffe og et kaker. Og får slå av ein prat med naboane. Alle er velkomne til kafe, både medlemmar i grendelaget som bur i bygda, men og alle andre! Følg med på plakaten på oppslagstavla når det er kafe.

MN



## SKYTTARLAGET OG KVASSHAUG

Etter som Ytre Vinje Skyttarlag hev fengi ny skjotebane i området til Liv i Vinje, vil eg gjerne få fortelje litt om skyttarlaget og banen.

Skyttarlaget i Vinje hev sine røtar frå siste halvparten av 1800-talet. Dei hadde øvingane sine på Evrebø. Dette var ei blanding av idrett og ”våbenøvelser”. Som eit av dei få land i verden hadde Noreg eit påbod om at det skulle finnast våpen på kvar heilgard i alle fall. Det var ikkje so ulagleg, i og med at våpen var ein del av kvardagen for eit folkeferd som hadde jakt og fangst som naudsynt del av livemåten. Etter 2. verdskrig fekk skyttarsaka ei oppblomstring. For Vinje sitt vedkomande gav Tokkeutbyggjinga ein kveik i same lei. Men det gamle tradisjonsrike Vinje Skyttarlag fall burt, og gjekk inn i laget til ”ytringane” Vinje hadde sin bane på Sandnes, og seinare med planar på Byrteheie. Eg minnest me var på skjoting der au. Men der var ikkje skivevoll og grav slik det var på Sandnes. Interesse hev gjengi upp og ned. Det er med skyttarsaka som det er med som mangt friviljug lagsarbeid: det er personavhengig. Det var ein nokso fast flokk skyttarar som heldt liv i skyttarsaka frå krigen og framover heile 1900-talet. Etter kvart kom jegerprøvene inn i biletet og aktiviteten blei meir retta mot denne gruppa. Dei siste åra hev det vori lite konkurranseskjoting for skyttarane i vårt skyttarlag. Men jaktprøvene hev haldi skjoteinteressa ved like.

Det ville vera ynskjeleg om den nye banen kunne få fram interessa for vanleg bane-skjoting på ny. Me i skyttarlaget vil prøve få til skjoting også utom jegerprøvene. Skjoting er ei fin konsentrasjonsøving. Skyttarlaget vil stille med våpen både kaliber 22 og 6.5 (ute), godkjende av Det friviljuge skyttarvesen. Inneskjotinga startar onsdag 12. nov. i Vinjehuset. Me startar kl 17.00 (siste påmelding kl 18.30) Der kan både

ongar og vaksne koma. Me hev våpen til utlån og ammunisjonen er gratis. Det blir eit innskot som blir betalt inn ved fyrste frammøte. Dette innskotet gjeld ongene. Det blir skoti seriar på 25 skot kvar kveld. Dei som møter fram minst 3 gonger får ein liten deltakarpremie som gjer at dei fær like for innskotet. Det blir gjevi skjoteinstruksjon og opplæring i våpenkjennskap og reglar for sikker handsaming av våpenet. Det er høve til å prøve eigne våpen, men då berre kaliber 22 (salong-gevær). Men skyttarlaget ser helst at det blir nytta godkjende (Dfs) våpen. Når de gjeld dei vaksne, hev me ikkje noko bestemt opplegg med tanke på skjoteprogram og ”premiering”. Er det interesse for inneskjotinga, vil me ta med oss skjote-øvingane ut på banen til våren med faste skjotedagar. Her kan det òg nyttast kal 22.

Eg trur det er mange som er interesserte, både ongar og eldre, kvendi og karar. Så vil eg seia litt om banen og bruken av den. Det er some som undrast på om banen kan brukast fritt. Det kan han ikkje. Me hev ein streng baneinstruks godkjend av politiet. Den er slegen upp på skjotebanen. Skjoting skal føregå etter ei oppsett terminliste som blir slegen upp på Vinje gardsmat og på skjotebanen. Me er og underlagt ein kommunal reguleringsplan. Både skiver og standplass skal haldast læst når ikkje skyttarlaget held kunngjorde skjotingar. Blir det skoti utom dei oppsette tidene, er det ikkje noko som er underlagt skyttarlaget, og skyttarlagets standplass og skiver blir ikkje nytta. Eg vonar alle skjønner at me må ha dette so pass strengt, og eg vonar at aktiviteten vår ikkje blir til ulempe.

So ynskjer eg alle interesserte vel møtt til skjoting både inne og ute.

Olav Nordstoga

# VINJE-SENTERET

Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum jobbar med eit utviklingsprosjekt som skal vera ferdig innan utgangen av 2015. Nynorsk kultursentrum leiar arbeidet med prosjektet, og det er dei som skal vera eigar og drivar av eit eventuelt Vinje-senter. Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa i 1993. Blant dei 23 medstifterane frå heile landet er Vinje kommune. Stiftinga har 17 fast tilsette ved driftsavdelingane i Ørsta (Aasen –tunet) og Ulvik (Hauge-senteret).

Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum delar ein ambisjon om å etablere Vinje-senteret med 4-5 arbeidsplassar. Målet er ikkje eit person museum, men eit levande senter med fokus på diktning og journalistikk. Ottar Grepstad, direktør i Nynorsk kultursentrum hadde i løpet av tre dagar i haust 14 møte med lokale og regionale institusjonar i Vest-Telemark. Det er viktig for Nynorsk kultursentrum å arbeide involverande og tydeleg. Verksemda ved Vinje-senteret skal tilpassast lokale og frivillige tilbod, og passe på at ein ikkje tek marknad eller faste arrangementdatoar frå desse.

# VINJE LØYPELAG

Vinje løypelag utvidar i år løypenettet med fleire nye trasear. Me har desse traseane:

- Torvhesja-Kingland-Krossbakken
- Tjønne rundt
- Våmartveit-Kostveit (ny i 2012-13 sesongen)
- Torvhesja-ned, forbi nord Århus over elva forbi Attistog og ned til Gardsmat (ny i år)
- Kostveit-Birkebekk, delar av løypa går i traseen til gamle Langesæløypa (ny i år)
- Torvhesja-Husmyra, trase som går rett nordover frå Torvhesja (ny i år)

Me håpar at mange i år og finn vegen til løypene. Me gjer oppmerksom på at det er mogleg å kombinere løypenettet.

Eksempelvis: «Den vesle rundløypa» som startar på Torvhesja, går opp til Husmyra, over Drengshyl, ned til Grunnevad og opp att til Torvhesja 0- ca 3km. «Den store rundløypa» som startar på Torvhesja-Kingland-Krossbakken-Tjønne rundt-Kostveit-Birkebekk-Husmyra-Torvhesja - ca 30km. Frå Birkebekk til Åmot ca 10km blir oppkøyrd av Vinje IL.

Følg oss elles på nettsida vår: [www.vinjeloypelag.no](http://www.vinjeloypelag.no)

Som ein del av utviklingsprosjektet vil det bli arrangert idédugnadar mellom ana i Oslo og Vinje til våren, og ein høyringsrunde i prosjektnettverket hausten 2015 før prosjektrapporten blir gjort ferdig. Rapporten skal gjera greie for mål, målgrupper, strategi, fagleg grunnlag, innhald, romprogram, organisering, finansiering, samarbeidspartnarar og vidare framdrift.

Telemark fylkeskommune er med. I møte 18.09.14 vart det einstemmig vedteke at Telemark fylkeskommune vert medstifterar i Nynorsk kultursentrum og skal ha ein representant i rådet. Fylkeskommunen skal ha møte- og talerett i prosjektgruppa for Vinjesenteret.

Alle Nynorsk kultursentrum har møte med eller på ana vis samarbeider med, blir integrerte i eit e-postnettverk for jamleg informasjon og tovegskontakt så sant dei sjølve ynskjer dette. Leiarar i lag og institusjonar melder frå til [admin@asentunet.no](mailto:admin@asentunet.no) dersom ein ynkjer å vera med i dette nettverket.

Med atterhald om at nødvendig finansiering kjem på plass i tide, er målet å opne Vinje-senteret 06.04.2018.

Utdrag av notat frå Ottar Grepstad



# EI HELSING FRÅ MJONØY



No har det jammen alt gjenge tre år sidan me overtok drifta på Mjonøy. Jammen har dei gått fort. Me har lært mykje nytt. Øystein har lært seg å baka brød i vedafyrt steinovn. Han som var mest vane med hammar og spiker. No tek han på seg svære baksteoppdrag på eigahand.

Me har byrja å tenke på vegen vidare, og kan nok ikkje pakke vekk hammaren heilt endå. Det hadde vore utruleg moro å fått til eit heilårsdrive bakeri og mattilbod i framtida. Me har dei seiste to åra vore med i FRAM prosjektet via Innovasjon Norge. Då har me byrja å sett på mogelegheitene for utviding av staden. Arnt Darrud har byrja å jobbe med teikningar på dette som ser veldig spanande ut.

No er akkurat dei mest kritiske åra reint økonomisk overstått, og me er letta over det. Ei stor takk til Ellen og Darius for det rentefrie lånet de gav oss. Vinje

kommune har også vore viktige for oss og hatt med på laget i denne tida. Dei har vore flinke og nytta oss både til ulike møter og forskjellige matoppdrag. Statkraft har også vore ein viktig kunde der me har levert middaggar når dei arbeidar med prosjekt.

Takk til bygdefolket som me tykkjer er veldig flinke til å stikke innom oss på sommaren. Mange nyttar oss også til catering i nærleiken. Me har ikkje vore så flinke til å annonsere kva me tek på oss av ulike ting. Det er berre å ringe å høyre kva enn det måtte gjelde, så seie me som regel ja. I vinter har me planar om å levere brød ut til nokre butikkar i nærleiken, nokre dagar i veka. Me har forhøyr oss i Åmot, Haukeli og Hovden og dei virkar positive til dette. De er jo mykje folk her i vinter-sesongen så me har trua på at dette er eit uutnytta marked for oss.

No gjeng det i vedahogst og litt kvile i den meir rolege tida. Me ser fram til neste sesong, så sjåast me på tunet igjen. God Jul og Godt nytt år til alle i bygda frå oss på Mjonøy.



## DANS OG SPEL I VINJE

Prosjektet Dans og spel i Vinje gjev resultat. Prosjektet er eit samarbeid mellom Vinje dansarring, - spelemanslag og - ungdomslag som gjev tilbod om danseopplæring til skulebarn 1. - 7. klasse og 5- åringar i barnehagane i Vinje.

Til no har me vore i Edland og Rauland, samt hatt helgekurs både på Vinjar og i Edland. Utruleg moro å sjå så mange ivirge ungar. Målet er å auke identitetskjensle til folkedans og folkemusikk. Prosjektgruppa består av Anne Tøne Aasebø, Aslaug Kostveit, Ellen Nordstoga og Signe Bråstøyl. Me er så heldige å ha gode instruktørar og spelemenn til opplæringa i barnehage

og skule. Dette er Bjørnar Heimdal, danseinstruktør, Ingar Meyer Fjeld og Lars Erik Øygarden, spelemenn. I tillegg har me gode lokale krefter som Knut Erik Jordstøyl og Ellen Nordstoga.

I tillegg til danseopplæring i barnehage og skule er det leikarring på Vinjar kvar torsdag der det møter 11 barn under skulealder og 12 barn frå 1. til 4. klasse. Spelemann er Lars Erik Øygarden og instruktørar er Kirsti Romtveit og Ellen Nordstoga. Er det fleire som har lyst til å bli med på leikarringen, så er det berre å sei i frå.

Fylg elles med på Vinje ungdomslag si facebook side, det skjer på Vinje kommune si nettside, samt annonser i avisa iht ulike arrangement.

# VINJE HANDVERKSLAG

Vinje handverkslag hadde tre temakvelder/dagar på Haugsæl våren 2014:

19. mars synt Tove Sand korleis ho lagar vesker av slangane i traktordekk. 23. april hadde Ole Johannes Romtveit ei enkel innføring i båtbygging. 3. mai var det bunadsdag med utstilling av bunadane som var montera på kurs på Haugsæl gjennom vinteren. Hausten 2014: Strikkekveld med gamle og nyare strikkeprodukt, bøker og mønster. 19. nov synt Elisabeth Bratland bilete (om handverk) og fortalde frå ein tur til Bhutan.

- Påskeverkstad 3 kveldar, joleverkstad 3 kveldar, høve for ungar å bli med. Påskesalg med ope hus palme-laurdag, og jolehandel to fyrste laurdagane i desember. Spikkedag 31. mai, aktivitet der ungar var med, marknadsgdag 20. sept. Alle desse dagane blir årlege.

- Kurs i 2014: Vinteren13/14 bunadmonteringskurs, haust 2014 bunadskjortekurs, bæe ved Åse Bratland.

- Vinjeutstillinga 2014, tema: «Med blanke ark», markering av Grunnlovsjubileet 2014 og av Alf Prøysen 100 år. Lita særutstilling om slåtten. Opningsprogram med kåseri av Silje Villhodd, musikalsk innslag med Tre Sopranos, off opn ved Herfinn Haugsevje (oldebarn til Huvestaden på Eidsvoll). 1200 besøkjande i løpet av sommaren.

- For medlemmer: «Restefest» etter jol, i januar; 17.mai frokost, (for kven som vil), suppe på Haugsæl etter opningsprogrammet på Vinjeutstillinga (også for kunstnarane); «kandelaberfest» om hausten.

- Laget har ca 70 medlemmer, ein del av desse er produsentar til handverksbutikken på Haugsæl, som er open nokre laurdagar (i tillegg til dagane nemnt tidlegare). 6 medl har verkstader på Haugsæl. Elles dugnadar med vedlikehald av hus og av ute-område. Stamping og utleige av huset. Heimeside og fbkonto.



## VIL DU VERA MED I STYRET TIL LIV I VINJE?

Har du lyst til å stille til val til styret i Liv i Vinje? I januar 2015 skal me ha årsmøte og det er behov for 3 nye kandidatar til styret, då to har flytt og ein sluttar grunna jobbsituasjon. Styret har møte ein gong i månaden det vil sei fyrste onsdagen i månaden frå kl 19.30 - 21.30. Her vert det tatt opp ulike saker som folk i bygda er opptatt av. Det har til no vore mykje fokus på aktivitetar for å gjera bygde vår levande som td

måndagsmiddag, vardebrenning vestom Vinjevatn, påfonndagen, 17. mai feiring, jonsokmoro og jolefest for å nemne noko. Dersom du har lyst til å påverke vidare arbeid i Liv i Vinje, meld deg som kandidat til styret. Me har det grueleg moro og treffast på tvers av smågrendene og er med på å auke felles aktivitetar på tvers av alders-gruppene. Bli med då vel !

# Joletrefest på Vinjar

Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt  
joletreet 3. dag jol på Vinjar.

Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00.

Ungane våre underheld og kanskje kjem nissen...

Dersom alle tek med litt småkaker og kaffe eller anna  
drikke kan me fordele det rundt på borda.

Me vil gjerne at alle tek med seg ein ting kvar til å henge på  
joletreet, pynten skal de sjølvsagt få lov til å ta med heimatt.

Gratis inngang

.....  
Alle er hjarteleg velkomne!



GOD JOL



&

GODT NYTT ÅR

